



Martin Feet skriv juleminne frå Uskedalen kring år 1900.

Gunnar Haugland har sendt juleminne, skriven av Martin Feet i lokalavisa Øyposten på Finnøy, kring 1972. Martin Feet, f. 1892, d. 1972, kjem frå Tresshaugen på øvre Fet i Uskedalen. Han er bror til Lars Feet, far til Torgeir som bur på plassen i dag. I syskenflokken på ni finn vi også Maren, gift Haugland, mor til Gunnar Haugland. Ein annan bror, Torgeir Olsen Feet, reiste til Amerika, vart sjømann og seinare kaptein. Han omkom i ei skipsulukke i 1943.

Martin fortel i samtale med Øyposten.

Julafta lauga me oss adle i saman, fortel Martin Feet, oppvaksen i Uskedalen i Kvinnherad. Sjølv om han er over 80 år, er han endå åndsfrisk og rask som få i hans alder.

Det var skrekkjeleg høgtid med julafta, seier Martin. Førrebuingane var nok ikkje så omfattande, då som no. Stovask i heile huset var ei enkel sak. Vi får sjå eit foto av røykstova med heile familien utanfor. Eit godt foto til å vera frå kring århundreskiftet.

Stova dekkja alle funksjonar. Her sov heile familien bortsett frå to gutar som hadde eit lite kott på lemen av bua

som var i andre enden av huset. Bua var oppbevarings- og lagerplass for alt mogeleg. Men i stova føregjekk alt, frå matlaging til «heimeindustri». Julebaksten innskrenka seg til flatbrød og lefsa, som var høgtidskosten i den tida. Men så hadde me julegris. Og den fekk aldri overleva julehelga. Så julehelga var mest einaste gongen dei hadde ferskt kjøt.

Saltebaljen var den gamle tids djupfrysar. Juletre hadde dei, men ikkje slik utstyrt som er vanleg no. Julegåver var heller ikkje vanleg då. Hadde ein nokre ører, kunne det nok vanka nokre appelsiner. Men alle fekk alltid noko nytt til jul. Og det var veldig stas. Og så hadde me julaeple. Ein apal vart kalla julaapalen. Frukta frå den vart gøymd i ei heilt ny tønne som far laga. Han var bøkker og laga masse tønner, ser du. Når så julafta kom, kunne tønna opnast. Eg gløymer aldri lukta når tønna blei opna, seier Martin.

Julafta var og den store badedagen. Ein stor stamp vart sett midt i stovegolvet, og så måtte gutane oppi. Når så bordet var dekkja og alt som fanst i huset av mat og vel så det var boren inn, held far andakt. Dette var like så visst som julekvelden.



Martin Feet kjem frå Tresshaugen (til høgre i bilete) i Uskedalen. Etter ei skreda i 1914, søm tok løa, vart nytt hus bygd litt lenger nede. Når så alle var gode og mette, skulle juletreet fram på golvet, og det vart laga ring og julesalmane vart sungne. Ja, det var skrekkjeleg høgtidsamt med julafta, seier Martin igjen.

Juledag skulle vi ikkje gå nokon plass, unntatt til kyrkje, men dit var det to mil, så det var mindre aktuelt for oss, seier han, som nok har opplevd forandring både i kvardag og fest. Skal tru om dei, som no er unge, får oppleve tilsvarande utvikling i deira livstid.

Redaksjonen ynskjer å få tilsendt juleminne. Det kan vera om matlaging, julefestar, juleselskap, julebrev, julegåver eller frå spesielle hendingar i jula. Send til uskedalen.no@gmail.com

Tekst: Martin Feet

Foto: Privat/ Fjellanger - Widerøe/ Wilse

Kjelde: Lokalavisa Øyposten

Nett/Redigering: Finn Bakke/ Kristian Bringedal



Illustrasjonsfoto som syner julevask i stampen.